



Dato: 01.04.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Audun

Hovedinnslag:

Fritt møte - reisebrev

I fravær av presidenten ledet Audun møtet. Han hadde også dagens program. En spennende togtur fra Snåsa til Beijing sammen med 2 kompiser. Lysbilder og gode fortellinger. 11 dagers togtur og 11 timers hjemreise i fly.



Arkivfoto

HG

Dato: 09.04.2025

Stad: Kulturkaféen

Møteleiar: Cathrine/Bjørn J.

Hovedinnslag:

Pensjonistfesten



Pensjonistlagene på Lepsøy, Vatne og Brattvåg var invitert. Tilsammen knapt 100 personer, egne medlemmer inkludert. President Cathrine ønsket velkommen og Bjørn Johnsen ledet festen. Musikalske innslag ved Reidun Longva og Tore Nerhus. Else Farstad leste egne dikt og Audun Klev fortalte vitser.



Beverting: Karbonadesmørbrød og sunnmørsk kakebord. Loddsalg med mange gevinster der inntektene går til drift av klubben. Lederne i pensjonistlagene takket for arrangementet.

Takk til Jorun Ulstein Fjørtoft som sto for arrangementet sammen med Kameratskapskomiteen.



HG

Dato: 26.04.2025

Stad: Ishavsmuséet/Vikinghuset

Møteleiarar: Svein og Cathrine

Hovedinnslag:

Utflukt til Ishavsmuséet og Vikinghuset

På initiativ frå Anne Marit og Svein gjekk turen til Brandal og Hjørungavåg for å besøke hhv. Ishavsmuséet og Vikinghuset. Med

privatbiler kom vi først til Brandal der vi vart tatt i mot av NNguiden vår,



Lars Sellereite.

Han tok oss først med til det flotte bygget der fangsskuta Aarvak ligg. Her fekk vi høyre om den imponerende historia bak ishavsfangsten som starta opp med Brandal som base. Vi fekk også høyre om historia til Aarvak og om livet om bord.



Arkivfoto

Vidare vart vi tatt med til sjølve musébygninga som det i heile fire etasjar er samla gjenstandar og historier om fangstlivet i Arktis. Den tiltenkte timen vart altfor kort til å få med seg alt, men nok til å bli mektig imponert. Etterpå vart vi servert lunsj, bacalao og selgryte, sjølvsaft.

Så gjekk turen til Hjørungavåg og det nye Vikinghuset der. Huset er bygt etter tusen år gamle byggetekningar og det var igjen høve til å bli imponert, både over dugnadsinnsatsen til bygdefolket og det ferdige resultatet!



Ole Frank Bakken fortalde på levande vis om byggjeprojektet og arbeidet undervegs. Huset vert offisielt opna i slutten av mai og det er planlagt ein tre dagars opningsfest – eia var vi der!



Alle var einige om at det var ein gilde tur.

Stor takk til initiativtakarane Anne Marit og Svein! ML

Dato: 29.04.2025

Stad: Bygdeparken

Møteleiar:

Hovedinnslag:

Dugnad

I Brattvåg møtte ca 20 personer fra Bygdeparkens venner og Rotary, trass i regnvær. Harald Hagen



møtte med traktor. Raking og vekkjoring av rusk. Kaffe og skoleboller ble servert etter endt jobb.

HG

Dato: 07.05.2025

Stad: Sperre Air Power, Ellingsøya

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

Bedriftsbesøk hos Sperre Air Power

På Ellingsøya ble vi godt tatt i mot av CEO Ole Nustad. Han tok oss med tilbake til 2016 då vi sist besøkte denne fabrikken. Mykje har skjedd etter det, nytt namn og nye eigarar. Sperrefamilien selde seg ut og ei investorgruppe tok over.



På møterommet fekk vi eit innblikk korleis firmaet har utvikla seg gjennom ein klår strategisk tankegang. Firmaet er i dag representert med sine kompressorar på ca 25% av alle skip i verda og har ca 120 tilsette. Gjennom ein

database med fullstendig oversikt over alle leveransar og eit til ei kvar tid komplett varelager er ein i stand til å yte god og rask service til alle kundar.

Etter denne teoretiske gjennomgangen vart vi tatt med og vist fabrikklokala med det imponerende lagersystemet og forklart gangen i produksjonen og eit innblikk i nokre av planane framover.

Takk for eit godt og engasjerande møte med ei lokal, framtidsretta og imponerende bedrift.

[Sperre | Homepage](#)

ML

Dato: 14.05.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

«Arvids historie»

På kveldens møte var det Arvid Sundli sin tur til å presentere si historie. Og for ei historie! Med aner frå Trøndelag og Finnmark møttest foreldrene i Brattvåg der dei etterkvart slo seg ned på Kvithaugen. Der vaks Arvid opp i lag med to brør og ei søster. Han er i dag gift med Edel og har tre barn.



Arvid vart tidleg kjent med arbeidslivet både på land og til sjøs og etter fagbrev som rørleggar hos J. Johansen, vart det sivilingeniørstudier i Trondheim. Etter kvart kom han til Aker Brattvaag der han etter nokre år fekk tilbod om å leie oppbygginga av eit splitter nytt verft i Vietnam. Arvid tok med seg familien og reiste dit og fullførte det spennande, men også svært krevjande oppdraget. Så vart det ein

liknande jobb i Brasil, men denne gongen basert på pendlertilvære. Han hadde også eit lengre opphald ved Vard-verftet i Tulcea, Romania. I seinare tid vart det ulike jobbar til han i 2019 fekk tilbod som dagleg leiar for Bra Elektro og Brattvaag Group AS, noko han sjølv sagt takka ja til og der han framleis er. ML

Dato: 21.05.2025

Stad: Torstein si kunstnarstove

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

Torstein Slyngstadli og målar-kunsten

Torstein tok raust i mot oss inne i kunstnarstova si. Med billedkunsten hans på alle veggjar og krokar, bokstaveleg talt, fortalde han om seg sjølv og målar-kunsten sin frå den spede byrjinga allereie i barndommen og fram til i dag.



Alle kjenner vi Torstein sine bilete frå utstillingar og salmeser, men likevel fanga han oss sterkt denne kvelden. Vi opplevde å kome nær både kunsten og kunstnaren, og gjennom skildringar av idé, skaparprosess og ferdigstilling fekk vi ein god smakebit på ein kunstnars kvardag. Eit av bileta har han arbeidd med i tretti år!

Torstein meistrar ulike teknikkar og har gjennom åra arbeidd med ulike motiv og tema. I det siste har han vore ekstra opptatt av fargar, noko som kjem tydeleg fram i dei seinaste verka hans.



Dei fleste av bileta er til sals og i det siste har han ønskt å skipe til ei utstilling i Brattvågsenteret. Vi får vone han lukkast for det vert verkeleg noko vi kan sjå fram til! ML

Dato: 04.06.2025

Stad: NTNU Ålesund

Møteleiar: Aalesund Øst

Hovedinnslag:

Den geopolitiske situasjonen – usikrere enn på lenge

Aalesund Øst Rotaryklubb inviterte til Intercitymøte med tema: "En urolig verden - hva betyr det for oss?"



Brattvåg Rotaryklubb var representert, men ikke i stort antall.

Ca. 60 fra andre klubber var tilstede og fikk orientering om et tema som slett ikke er hyggelig, men ikke mindre viktig av den grunn.

Stabssjef ved Møre og Romsdal politidistrikt, Hans-Martin Gridseth la ikke mye mellom og

listet opp utfordringer på alle plan i samfunnet. En skikkelig øyeåpner for oss som var tilstede - samtidig som han ga mye praktisk informasjon om det arbeidet som gjøres med etterretning og forebygging. AK

Dato: 11.06.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Presidentskifte

Sjølv om rotaryåret enno ikkje er avslutta, var det i kveld dags for presidentskifte. Møtet gjekk føre seg i tradisjonelle former der avtroppande president, Cathrine, innleiingsvis tok ein rask gjennomgang av året som er gått.

Så kom den høgtidelege stunda då Ewa Hildre, overtok kjede og klubbe og det viktige vervet som klubbpresident for rotaryåret 2025/2026.

Det vanka blommar og godord til avtroppande president og styre, og til enkel servering gjekk møtet mot slutten denne lyse junikvelden. ML

Dato: 14.06.2025

Stad: «Myldregata»

Møteleiar: «Myldrekomitéen»

Hovedinnslag:

Myldre i Brattvåg

Som tidlegare år var Brattvåg Rotaryklubb representert under Myldre med eigen stand. Det var som vanleg mykje folk ute i gata denne solrike laurdagen og mange stakk innom standen vår.

Eit av dei finaste innslaga under årets Myldre, var då Past President Audun, på vegne av Brattvåg Rotaryklubb, overrekte klubben sin kulturpris til Brattvåg svømmeklubb, vel fortjent!



Takk til dei som tok ansvar og fekk presentert klubben også på denne Myldredagen!
ML

Dato: 04.06.2025

Stad: NTNU Ålesund

Møteleiar: Aalesund Øst

Hovedinnslag:

Rotaryhuken, Nybrua og Trollhuken

Etter nytt, flott initiativ frå Anne Marit og Svein, samlast ein god gjeng ved Rotaryhuken og gjekk runden rundt Synnalandsvatnet. Veret var ikkje det beste, men litt regn la ingen demper på humøret til turfolket.

Det var stopp ved Nybrua over Gjersetelva der byggjeleiar Arne T i korte trekk fortaldet om prosjektet. Snora vart klippt og brua høgtideleg opna for allmenn ferdsel!

Turen gjekk så til Tollhuken der Anne Marit og Svein diska opp med både fast og flytande føde.

Takk for ein fin avslutning på dette rotaryåret!